



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Fellesnemnd for nye Volda kommune

**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus

**Dato:** 07.12.2017

**Tid:** 15:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fride Schjølberg Sortehaug	MEDL	V
Margrete Bjerkvik	MEDL	KRF
Randi Langlo	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Margrete Bjerkvik	H
Per Maurset	Randi Langlo	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann i Volda/Prosjektleiar
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal
Kari Mette Sundgot	Økonomisjef i Volda

**Frå dei tillitsvalde møtte:**

Norunn Helene Holmøy-Wang

# SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 31/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 32/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 33/17	<b>Uttale til Volda formannskap si innstilling til budsjett og økonomiplan for Volda kommune</b>
PS 34/17	<b>Uttale til Hornindal formannskap si innstilling til budsjett og økonomiplan for Hornindal kommune</b>
PS 35/17	<b>Økonomiplan 2018-2019 Nye Volda</b>
PS 36/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 23/17	<b>Invitasjon for deltakelse i partssamarbeid om digital kompetanse i kommunene</b>
OS 24/17	<b>Grensejustering - Bjørke og Viddal - møtereferat frå Fylkesmannen</b>
OS 25/17	<b>Orientering og drøfting av vidare prosess for kommunevåpen</b>

## **PS 31/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Det var 9 røysteføre ved møtestart.

### **Innkalling:**

Ingen merknadar til innkallinga.

### **Sakliste:**

*Revidert 14.12.2017:*

Prosjektleiar Rune Sjurgard med merknad om at det skal gjerast ei redaksjonell endring i sakene PS 33/17 og PS 34/17. Setninga «*Fellesnemnda tek formannskapet si innstilling til budsjett for Volda/Hornindal kommune til vitande.*» skal endrast til «*Fellesnemnda tek Volda/Hornindal formannskap si innstilling til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 for Volda/Hornindal kommune til vitande.*» Same gjeld også tittel på dei nemnde sakene som vert spesifisert med årstal.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

## **PS 32/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

Odd Arne Folkestad (FRP) med innspel på at han sakna vedlagt rapport frå Temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk, som vart presentert for Fellesnemnda i møtet 16.11.2017, i protokollen.

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel (H), var samd i at det burde gå tydleg fram at det vart overlevert ein rapport i protokollen. Lødemel føreslo at møteprotokoll frå møtet 16.11.2017 vert godkjent med merknad om at protokollen vert oppdatert med rapporten frå Heraldikk-komiteen.

### **Røysting:**

Møteprotokoll frå sist møte, med merknad frå Lødemel, samrøystes godkjent.

## **PS 33/17 Uttale til Volda formannskap si innstilling til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 for Volda kommune**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda tek Volda formannskap si innstilling til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 for Volda kommune til vitande.

### **Handsaming:**

Økonomisjef i Volda kommune, Kari Mette Sundgot, møtte til denne saka.

### **Røysting:**

Administrasjonen sin tilråding vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.12.2017**

Fellesnemnda tek Volda formannskap si innstilling til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 for Volda kommune til vitande.

**PS 34/17 Uttale til Hornindal formannskap si innstilling til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 for Hornindal kommune****Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda tek Hornindal formannskap si innstilling til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 for Hornindal kommune til vitande.

**Handsaming:**

Rådmann i Hornindal, Ann Kristin Langeland, møtte til denne saka.

**Røysting:**

Administrasjonen sin tilråding vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.12.2017**

Fellesnemnda tek Hornindal formannskap si innstilling til budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021 for Hornindal kommune til vitande.

**PS 35/17 Økonomiplan 2018-2019 Nye Volda****Administrasjonen si tilråding:**

Fellesnemnda godkjenner Budsjett 2018/Økonomiplan 2018-2019 slik det ligg føre i saksframlegget.

**Handsaming:**

Prosjektleiar Rune Sjurgard møtte til denne saka.

**Røysting:**

Administrasjonen sin tilråding vart samrøystes vedteken

**Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 07.12.2017**

Fellesnemnda godkjenner Budsjett 2018/Økonomiplan 2018-2019 slik det ligg føre i saksframlegget.

## **PS 36/17 Orienteringssaker**

### **OS 23/17 Invitasjon for deltakelse i partssamarbeid om digital kompetanse i kommunene**

Etter drøfting i Fellesnemnda var konklusjonen at prosjektleiar Rune Sjurgard sender ein søknad om deltaking på vegne av Nye Volda. Kven som eventuelt vil delta på vegne av Nye Volda vil prosjektleiar og leiar for Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, ta igjen ved eit seinare høve.

### **OS 24/17 Grensejustering - Bjørke og Viddal - møtereferat frå Fylkesmannen**

Leiar Stig Olav Lødemel orienterte kort om møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1. november, der temaet var eventuell grensejustering ved Bjørke og Viddal.

### **OS 25/17 Orientering og drøfting av vidare prosess for kommunevåpen**

I samband med merknad til protokoll frå sist møte 16.11.2017 (ref. sak PS 32/17) føreslo Stig Olav Lødemel at Heraldikk-komiteens rapport og innstilling til vedtak vert lagt fram for dei to respektive kommunestyra som ei orienteringssak for eventuelle innspel – før endeleg vedtak i Fellesnemnda blir gjort.

Lødemel la også til at etter dei aktuelle kommunestyremøta, og når eventuelle innspel og tilbakemeldingar til heraldikk-komiteens innstilling har kome inn, vil leiar i Fellesnemnda ta kontakt med leiaren for Heraldikk-nemnda.

Møte slutt kl. 17:17

Rett utskrift,

Volda kommune, samfunn og rådgjeving

12.12.2017

Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar